

## Vedlegg 1) til sak US 30/10

### Prognoser på utvikling i tilgjengelege midlar.

For å kunne vurdere i kva grad ein har råd til meir areal, er det naudsynt å sjå på korleis inntektsutviklinga vert framover. Grovt sett kan ein dele inntekta vår i tre komponentar.

- 1) Basisløyving frå departementet, om lag to tredelar av totalløyvinga. Denne har i alle år vore lik med fjoråret, justert med løns- og prisauke, pluss ei strategisk ekstraløyving, i praksis fleire stipendiatar.
- 2) Resultatkomponent av statsløyvinga. Den er avhengig av kor mange forskingspoeng og kor mange studiepoeng vi produserer. Sidan vår produksjon har gått jamt oppover har også den komponenten auka jamt. Det vil den og gjere i 2011, ut frå resultatata i 2009. Verksemd utførd for summen av 1) og 2) vert til vanleg avkorta til BFV( "bevilgningsfinansiert virksomhet")
- 3) Eksterne inntekter (EFV) har og auka jamt i alle år. I 2002 var EFV eit påslag på BFV på 13%, i 2009, var den eit påslag på 22%. I gjennomsnitt har den altså auka med eitt prosentpoeng av BFV for kvart år.

Tre moglege modellar for utvikling framover er

- 1) Vi held fram slik røynsle syner, sjå tabell nedaføre
- 2) Vi held fram slik utviklinga var frå 2008 til 2009, der det var ei utflating på EFV( det ser i rekneskapan betre ut enn det er, fordi AM si løyving og AM sin EFV kjem i tillegg til summen ein kan samanlikna med 2008). Her er føresetnaden at EFV held fram som same prosentdel av BFV
- 3) Vi kan få reduksjon i basisløyving, ut frå at staten må spara pengar. Her er føresetnaden at basisløyving ikkje vert kompensert for prisstigning, og at EFV er konstant ( som i pt 2))

Tabell som syner utviklinga framover, ut frå desse ulike omsyna

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Modell 1	922	1040	1090	1170	1225	1283	1356	1433
Modell 2	922	1040	1080	1152	1197	1244	1304	1368
Modell 3	922	1040	1063	1139	1169	1216	1276	1340

Det er vanskeleg å seie kva utvikling vi får her, fordi det er politisk styrde faktorar som kan påverke biletet.

- i) Staten kan gje oss mange fleire fullfinansierte studieplassar grunna den kraftige auken i talet på ungdomar i årskulla som kjem til høgare utdanning framover til 2015. I så fall er tala våre for låge. Dette er svært sannsynleg.
- ii) Staten kan stramma inn på basisløyvingane, slik vi har sett opp i Modell 3) Sett opp mot den trong staten har for høgare utdanning til å ta unna ungdomskulla er dette ikkje svært sannsynleg.
- iii) Vi vert mindre flinke til å tena EFV. Sidan det går attende med NFR inntekt frå 2008 til 2009, er dette ein faktor vi ikkje kan sjå bort frå. Dette kan på andre sida kompensereast med betre søknader, meir fokus på programområde og jamn betring i staben sin kompetanse. Det er rimeleg sannsynleg at sjølv om vi ikkje greier løfta oss slik vi har gjort dei siste åra, bør vi kunne greie å halda nivået.
- iv) Avdeling for økonomi og verksemdstyring peikar på at ein for sikkerheits skuld bør nytta låge overslag, men dei er samde i at sterk auke i fullfinansierte studentar vil gje høgare inntekter.

Totalt sett er ei sannsynleg, men ikkje viss, utvikling ei inntektsauke opp mot modell 1) der BFV spelar større rolle i auken enn EFV har gjort dei siste åra. Men i saken legg vi det lågare overslaget i Modell 2) til grunn, sidan det er enno sikrare.